

Til redaksjonen

16.12.2009

Pressemelding frå Eninvest AS

Eninvest kjøper Jølster breiband

Med verknad frå 1. januar 2010 tek Eninvest as over Jølster Breiband as si forretningsverksemd.

Overtaking omfattar alle kundar i Jølster breiband sitt nett i Jølster, Gloppen og Høyanger. Eninvest tek over nett, drift av nett, kundeservice og oppfølging av abonnement.

Kundar vil nyte godt av å bli lagt inn i Eninvest sitt stamnett med høgt nivå på ringstruktur og oppetid. Pris og kapasitet på kundetenester blir uendra. Kundar vil få tilgong på fleire nye tenester som Sikker Lagring, Eninvest IP-telefoni, Hot Spot m.m. Alle kundar får skriv om dette innan kort tid.

Overtakinga er ein del av Eninvest sine langsiktige strategiar for organisk og strukturell vekst, i ein ung bransje i stor utvikling. Samordninga er eit rett trekk for å vidareutvikle framtidretta og lønsame kompetansearbeidsplassar i Sogn og Fjordane.

Kontaktinformasjon for kunde frå 1. januar 2010 er kundeservice@eninvest.no eller ring kundesenter 57 00 91 00.

Informasjon/kundeinformasjon finn du på www.eninvest.no

Kontaktpersonar :

Eninvest as

Nandor Helgheim
Mobil 970 54 370

Jølster breiband as

Joar Dvergsdal/s
Mobil 905 15 315